

Eit sandtak som planlagt vil verta særskjemmande i landskapet, vi fryktar at vi kjem til å få støyplager store delar av døgnet og vi meiner det vert dårlegare trafikktryggleik i dalen som følgje av aukatungtrafikk.

Det skriv Margun Eik og Anbjørn Høivik i si uttale til sandtakplanane. Også dei, som skal overta gard på Kjærland og vil flytta dit om eit års tid, ber om at reguleringsplanen vert avvist.

Dei to viser til statleg retningsline for støy i arealplanleggjing er eit godt hjelpemiddel om den blir følgt fullt ut, til dømes ved å etablere støysonkart. Det er ikkje gjort i denne saka og difor reknar Eik og Høivik konsekvensane av tiltaket som mangelfullt opplyst. Føresegnene gir særskjemmande rommelege tidspunkt for drift og transport i anlegget og det gjer at det vil verta støy i dalen både dag og kveld. Dette gir nedsett bulyst i området, skriv Eik og Høivik. Tiltaket vil truleg opplevast som eit stort og skjemmande inngrep i naturen og vil difor forringa utsikten frå Kjærlandsido mot Børsdalen og Ulvanåso. - Ulvanåso har ein ikonisk status i Kvinnheradsnaturen og skjemmande inngrep i dette landskapet vil vera særskjemmande negativt, skriv dei to.

Med omsyn til trafikktryggleiken peikar dei på at 'å gå rundt dalen' har vorte eit omgrep avdi mange uskedelinger nyttar dette som turveg. Den smale vegen med svake eller fråverande vegsskuldre gir farlige situasjonar. Denne dårlege vegen bør ikkje få auke i tungtrafikken.

Av Ola Matti Mathisen